

Protokoll styremøte Valdresmusea AS**2019:5**

Stad: Valdres Folkemuseum

Tidspunkt: Måndag 18. november kl. 14.00–16.00

Til stades: Jan Arild Berg, Frode Rolandsgard, Gunhild Vegstein Leite, Kristin Gulbrandsen, Brita Brenna (tlf.) og Aud Søyland. Frå administrasjon: Ole Aastad Bråten, Tove Stubbene og Anne Marit Noraker.

Sak 11/2019 **Rekneskap per 31. oktober 2019**
Rekneskapsrapport per 31. oktober ligg vedlagt og viser eit overskott på kr 203 409.

Vedtak: Styret tek den framlagte rekneskapen til vitende.

Sak 12/2019 **Budsjettsak – Valdreskommunane**
Valdreskommunane ynskjer ikkje å forhandle med Valdresmusea om ein ny rammeavtale, sjølv om plikta til reforhandling er nedfelt i gjeldande avtale. Det er behov for å drøfte den vidare dialogen med kommunane med mål om å sikre ein avtale.

Vedtak:

- *Styret hald fast ved det som er skrive i søknaden til kommunane.*
- *Styret tilrår at det ikkje blir skrive avtale for meir enn eitt år om gongen.*
- *Styret ber om at det blir gjennomført formell forhandling med kommunane i 2020.*

- *Styret oppmodar direktør og styreleiar om å presentere museets søknad i kommunestyra.*
- *Styret ber om at det blir etablert faste møte med eigarane (på nyåret kvart år).*

Sak 13/2019 **Orienteringar**

- Utstilling – vurdering av tilbod
- Planar og budsjett for arbeidsåret 2020
- Invitasjon til møte med Kulturdepartementet 10. oktober

Jan Arild Berg
Aud Søyland
Gunhild Vegstein Leite
Kristin Gulbrandsen

Frode Rolandsgard